

Retningslinjer for fiske- og friluftslivsfond for Jølstra

Vedtatt 28.03.2019 av Kommunestyret i Jølster

§ 1 Føremål som fondet kan støtte

Fondet kan nyttast til å støtte:

1. fiskekultivering
2. tilrettelegging for, og fremjing av, fritidsfiske- og friluftslivaktivitetar

Tiltaka som vert støtta skal kome ålmenta til gode. Det vert ikkje gjeve tilskot til lag og organisasjonars medlemsaktivitetar.

§ 2 Geografisk verknadsområde

Tiltak og prosjekt som støttast må vere lokalisert i Jølster (innanfor kommunegrensa av 2019) eller langs Jølstra.

§ 3 Søkjrarar

Søkjrarar kan vere lag, organisasjonar, einskildpersonar eller kommune.

§ 4 Søknaden

Søknaden må innehalde:

- omtale av tiltaket/prosjektet det vert søkt støtte til
- opplysningar om kven som står bak søknaden
- budsjett og finansieringsplan for tiltaket/prosjektet

Når lag/organisasjonar søker er det krav om at (lagets/organisasjonens) siste godkjende årsrekneskap og -balanse vert lagt ved.

§ 5 Prioritering av søknader

Dersom det vert naudsynt å prioritere mellom søknader skal følgjande moment ligge til grunn:

- Fellesprosjekt, som fleire aktørar står bak, vert prioritert framfor prosjekt frå enkeltaktørar og -personar.
- Tiltak knytt til Jølstra, oppstraums Movatnet, med nærliggjande friluftslivsområde, har fyrsteprioritet.
- Tiltak der tilskot vert rekna som avgjerande for iverksetjing skal prioriterast framfor tiltak som vert vurdert å ha god tilgang til anna finansiering.

§ 6 Utlysing

Søknader til fondet vert handsama to gonger i året, vår og haust. Det vert annonserert for fondet på kommunen sine eigne heimesider (på internett) og i sosiale medium. Utlysing vert samordna med andre kommunale fond.

§ 7 Samordning av handsaming mot andre fond

Rådmannen avgjer kva fond innkomne søknader høyrer til. Avgjersla vert gjort på bakgrunn av kva fond som vert rekna som mest relevant utifrå:

- føremålet det vert søkt støtte til
- kvar (geografisk) prosjektet/ tiltaket er heimehøyrande
- storleiken på dei aktuelle fonda

§ 8 Vedtaksorgan

Rådmannen greier ut søknader og gjer innstilling til vedtak. Utval for plan og utvikling gjer vedtak om tildeling.

§ 9 Løyvingar og vilkår

- Tilskotet fell vekk dersom tiltak/prosjekt ikkje er gjennomført innan 2 år frå løyvingsdato.
- Det er krav om skriftleg dokumentasjon, av gjennomføring, for å få betalt ut tilskot. Kva type dokumentasjon som vert kravd skal gå fram av vilkår for løyving.
- Dersom det vert oppdaga at tilskot er betalt ut på grunnlag av falsk dokumentasjon vert tilskot kravd betalt tilbake.

§ 10 Renter

Renteavkasting frå fondsmidlane skal tilkome fondet.